


**Fra:** Per Sveinar Morsund  
**Sendt:** 9. november 2017 13:52  
**Til:** 'Kåre Romarheim'  
**Emne:** SV: Sak 17/73 Hilland Sør

Hei,

Det kan beklagelegvis sjå ut til at eg misforsto e-posten som eg svara på tidlegare i dag så du kan sjå vekk ifrå det svaret.

Arealet det er snakk om skal opparbeidast i henhold til reguleringsplanen for Hilland Sør bustadfelt. Heile arealet det er snakk om ligg innanfor F3 som er friområde og skal opparbeidast i samsvar med planen. Det spelar soleis liten rolle om arealet skal overtakast av eit sameige eller om det vert kommunen som skal overta arealet, så vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med avklaring frå bebuarar i området før ein går vidare med saka. Kommunen har krevd at arealet skal opparbeidast i samsvar med plan. Om de meiner at det er meir hensiktsmessig å omregulere området for å rette på forholda kan de ta kontakt med planavdelinga for å vurdere dette. Eg har vanskeleg for å sjå at endringa kan handsamast som ei dispensasjonssak.

Førehandsvarselet står difor ved lag som følgje av at vi ikkje meiner det er naudsynt med avklaringar i saka frå bebuarane.



LINDÅS KOMMUNE

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

Tlf: 56 37 50 00

---

**Fra:** Kåre Romarheim [<mailto:kare@romarheim.no>]

**Sendt:** 9. november 2017 12:04

**Til:** Per Sveinar Morsund

**Kopi:** Postmottak Lindås; Erlend Bakken

**Emne:** Sak 17/73 Hilland Sør

Hei,

Viser til deres brev av 19.10.2017 sendt til Storneset AS.

Dette har dessverre ikke blitt videreformidlet til undertegna før dd.

På grunn av fusjon/fisjon Storneset AS/ KROM Holding AS er det nå KROM Holding som håndterer denne saken. Ber om at all kommunikasjon i saken går til KROM Holding AS, eller i det minste med kopi til KROM Holding.

Vedrørende saken:

I telefonsamtaler med advokaten til beboerne i Hilland Sør har vi formidlet at vi ønsker å overføre fellesarealer til sameie bestående av eiendommene som ble bygget ut i Hilland Sør. Vi har også formidlet at vi ønsker å bidra til at etablert avkjørsel blir forsøkt godkjent, evt. fjernet. Vi erkjenner for øvrig ikke at vi har noe ansvar i denne sammenheng. Før vi bidrar til dette ønsker vi en avklaring fra beboerne på om det er akseptabelt for de at avkjørsel blir liggende om den evt. blir godkjent. I den forbindelse har vi også forsøkt å gjort beboerne sin advokat oppmerksom på at de antakelig i utstrakt grad benytter seg av bnr. 134/244 m.fl. sin private veg ned til Alversundbroa. I den forbindelse vil det være urimelig av de å kreve en trygg avkjørsel til 134/244 fjernet fordi den ligger på et friareal som uansett ikke blir nyttet av beboerne.

Vi ber om at dere utsetter fristen for retting frem til vi har fått en avklaring fra beboerne på om de kan godta at avkjørsel blir liggende på 134/400 forutsatt at denne blir godkjent. Vi må nesten få dette avklart før vi kan bidra ytterligere til å få denne saken avklart.

Med vennlig hilsen,

**Kåre Romarheim**

Byggingeniør  
Mobil +47 90209749  
[kare@romarheim.no](mailto:kare@romarheim.no)

**Romarheim AS**

ORG nr: 997 050 789  
Alvervegen 25, 5911 Alversund  
[www.romarheim.no](http://www.romarheim.no)

